

KUNSTPROSJEKT

FOSSHAUGANE CAMPUS - SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE 2011.




foto: Oskar Andersen

Byggherre: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Arkitekt: A38

Kunstkonsulentar: Eva Kun, Gerd Endestad

Kunstnarar og titlar:

Rolf Starup: *Radius*

May Bente Aronsen: *Still Stones*

Vegar Moen og Beret Aksnes: *Der du er*

“Tre markørar”

Eit nytt kunstprosjekt er realisert i Sogn og Fjordane, knytt til ombygging og nybygg ved Sogndal vidaregåande skule på Fosshaugane Campus. Sogndal vidaregåande skule har med dette endeleg fått ei definert form og fasade ut mot bygda og omgjevnadane. Anlegget som heile kan ved første augekast synest som kompakt og komplekst. Etter kvart trer avdelingar og funksjonar arkitektonisk klårare fram. Den nye bogeforma fasaden gjev anlegget eit visst monumentalt preg, der særleg området ved den nye hovudinngangen har fått ei viss vektlegging. Tomta er “rydda” og ny praktisk parkeringsplass er anlagt i fronten.

Kunstkonsulentane, saman med kunstutvalet, kom, også denne gongen, relativt seint inn i prosessen. Dette, saman med eit ikkje alt for raust budsjett, har nok avgrensa handlefridomen både til kunstutval og konsulentar. Det er likevel konsulentane som sit meg nøkkelen til eit vellukka resultat. Deira framlegg til utførande kunstnarar vert avgjerande for kva utvalet har å velje mellom. Som konsulent vert det steld krav om at ein har brei innsikt i ulike kunstnarar sine arbeidsmåtar og deira materialbruk.

Tre områder var i kunstplanen peika ut til prioriterte område for kunstprosjekt: Inne i samband hovudinngang/ aula/ kantine, uteområdet ved hovudinngang og ute på den såkalla indre gardsplass. Det er grunn til å rose konsulentar og komité for at dei har makta å gjennomføre planen innanfor relativt knappe rammer.

I tillegg er det lagt opp til kunstnarstyret elevprosjekt som mellom anna skal gje innsyn i kunstnarlege prosessar og tilnærming. Dette kan sjåast på som eit formidlingsprosjekt som kan auke engasjement og eigarskap til prosjektet, ein dimensjon ved kunstprosjekt som i dei seinare åra har vorte sterkare vektlagt.

Radius

Rolf Starup starta sin kunstnarbane i vaksen alder, men kan til gjengjeld syne til ein høg og spanande aktivitet etter avslutta utdanning ved Statens Kunstakademi i 1993. Han har særleg arbeidd med “rørskulpturar” i rustfritt stål med ein børsta overflate. Formspråket er i utgangspunktet geometrisk, men også kombinert med organiske formelementer som gir overraskande visuelle verknader.

Det ganske så massive inngangspartiet har Starup vald å kontrastere med ein spinkel bua linje i skinande stål. Den elegant slyngande *Radius* er eit stålør som slyngar seg organisk i tre plan og som er spegelvent om sin eigen akse. Det er kombinasjonen av det organiske med det geometriske, som gjev ein slående og markant verknad og skaper kontrast til omgjevnadane. Linjeføringa er danna etter liknande strenge geometriske prinsipp som ein melodi i ein fuge av Bach og visualiserar ein omvendt symmetri utan å miste den visuelle balansen. Eg vil gjerne karakterisere *Radius* som ein "musikalsk" skulptur.



foto: Oskar Andersen

Skulpturen er konstruert digitalt, men utført tradisjonelt og sveisa saman av 38 delar, pluss dei berande stengene. Plasseringa er tvers framfor inngangsdøra og insisterer med det å være til stades, samstundes som den markerar at her er det. Det er ofte tilleggseffektar ved tredimensjonal kunst i det offentlege rom, som gjerne ikkje er tilsikta i utgangspunktet og difor ikkje må vektleggjast for sterkt i ein kunstnarleg kontekst. Mellom anna kan skulpturar implementerer endringar i logistikk og rørslemønster og med sin litt aparte form held bilane seg trygt unna både *Radius* og inngangsdøra.



foto: Oskar Andersen

Still Stones

May Bente Aronsen er utdanna ved Kunsthåndverkskolen i Bergen og Statens Høyskole for Kunsthåndverk og design i Oslo i 1991. Straks markerte ho seg som ein spanande og nyskapande tekstilkunstnar. Særleg har ho arbeidd med tredimensjonal eller skulpturell tekstil og slik søkt nye vegar i nye materialar. Dei monumentale, veggbaserte og hengande tekstilverka som delar rom vertikalt gir overraskande visuelle effektar både fram frå og frå sida. Dei gjev romma ein særprega atmosfære.

I Sogndal har ho teke utgangspunkt i eit steinbed i gardsrommet mellom ulike bygningsdelar. For første gong ser eg arbeida hennar horisontalt monterert, men konstruksjonsprinsippet er det same lagdelte. Ein om lag 2x2 meter oransje skulptur er plassert i ei lita steinrøys med rullestein. Materialet kallast polyuretan og toler heilt sikkert både ver og vind. I forarbeida er det tenkt at skulpturen skal kunne nyttast til å sitte eller ligge i eller på. Det kan sikkert verke bra for i dette området skal elevane kunne arbeide med praktiske oppgåver ute. Men plasseringa innbyr kanskje ikkje til slik bruk på denne skyggefulle plassen, mellom bygningsdelane, der dei fleste hastar forbi, til og frå.



foto: Oskar Andersen

På bakkenivå er den transparente verknaden ikkje så markant som relieffverknaden, slik eg kjenner denne frå dei vertikalt monterte arbeida. For at ein framleis skal sjå stein i steinbedet må ein nok litt opp i fugleperspektiv og det kan ein frå korridoren som bind bygningane saman. Det er kanskje først og fremst den knall oransje fargen som er styrken i dette verket med denne plasseringa. Den fargen som markerar staden mellom bygningsdelane.



foto: Oskar Andersen

Der du er

Det interessante og utfordrande med kunstprosjekt der kunst og arkitektur skal gå opp i og utfylle kvarandre er det ein kallar integrerte prosjekt. Med den korte tida som var til rådvelde var dette i utgangspunktet nærast uråd å få til. Desto meir imponerende er det at i det mest nytta fellesarealet, amfi i tilknytning til kantina og hovudinngang, har ein på ein smakfull og idérik måte oppnådd nettopp dette.

Idéen til Aksnes & Moen var å erstatte delar av dei planlagde setene av eik i amfi med delar av sittetribunar frå ulike delar av verden. På veggane rundt har Vegar Moen laga fotos som på ulike måtar relaterer seg til tematikken. Arkitektane vart med på opplegget og det leikne prosjektet representerer kanskje det næraste vi kjem omgrepet integrert kunstprosjekt i denne samanheng. Prosjektet er truverdig i seg sjølv og teng eigentleg ikkje eit sertifikat som stadfester at setepanken er autentisk.

Ungdomane kan kvar dag velje om dei vil nytte sete frå USA, India, Brasil eller andre delar av verda. Dette er ein slags "secondhand kunst" som aukar medvitet om globalt ansvar, samkjensle og kanskje også engasjement. At prosjektet representerer "kulturelt mangfald" kan sjølvstundt nemnast. Dei slitte eller vakkert dekorerte, men lågmælte tribunesetene markerar Sogndal som ein stad i verda og identitet knytt til idrettsmiljøet er dei ikkje åleine om å ha i den vestlandske fotballbygda.

Morten Johan Svendsen

Copyright © Sogndal VGS All rights reserved

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.